Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Snillfjord

Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag:

Oppskr. av: Ole Selnes Gard:

(adresse): H. Langhelles veg 4, Tr.heim G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Det kunne hende at folk i staden for å svare -ja- nikka med hovudet. Eller i staden for å seie nei rista på hovudet. Dette var nok mindre brukeleg før.

2.

Det var, og er skjeldan at ein helsar på folk ein ikkje kjenner.

3. Nei, det var ingen regel for kven som skulle helse først.

4.

-God dag- var vanleg helsinga når ein møtte kjende. Helsinga var den same for menn og kvinner. Gjekk det litt meir høgtidleg for seg, tok dei kvarandre i handa.

Borna sa vel helst ingen ting ved slikt høve.

5.

Når dei helsa på bygdefolket, var det ikkje vanleg at dei tok hatten eller huva av. Gjekk dei inn i et

8108

forbi presten eller lensmannen, tok dei helst hatten av.

6.

Det er ein heilt ukjend helsingsmåte her å halde hatten med begge hendene, eller å ha huva under armen.

7.

Måten var vel den same, men dei var flinkare til å helse når dei hadde helgekleda på.

8.

Folk handhelste fyrst og fremst i gravferd og brudlaup, ved kyrkja og religiøse samkomor. Når dei kom på vitjing handhelste dei og. Det var ikkje vanleg å handhelse på småborna.

9.

Klapping på aksla kunne nok bli gjort i einskilde høve. Dette var alltid mellom slike som var godt kjende.

10

Ein veit ikkje at folk gjorde nokå serleg om dei fekk høyre kyrkjeklokka.

11.

Det kunne hende dei stansa medan fylgjet dreg framom, og ved likferd kunne dei ta huva av.

12.

Folk som lever nå kan ikkje minnast at ein helste på ting eller dyr.

8108

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13.
"Gomorn" sa ein vel frå 4-5 tida om morgon.
"Goddag" sa ein frå ca. kl. 10 og til ein sa god kveld ved 6-7 tida.
Om vinteren - i "kveldsseta" - kunne ein vel helse god kveld litt tidlegare om ein kom inn i eit hus.
"God natt" var skjeldan brukt her i gamle dagar.

14.
Nå ser ein det ikkje usømeleg å seie "gomorn" kva tid som helst på døgnet. Men ein treng ikkje gå langt attende i tida før folk synts att dette ikkje passa.

15.
Ein veit ikkje av noko serleg svar i dette høvet. Folk svara vel helst med same ordet.

16.
I dag er ein ikkje nøye med denne helsinga, men "gomorn" er ikkje vorte vanleg helsing døgnet rundt her.

17. "Signe arbeidet," "signe strevet", "signe maten", "signe kvila", "signe laget" var vanleg helsing.
I eldre tider brukte dei og ofte ordet "velsigne maten" o.s.v.

18.
Andre måtar med -signe- veit eg ikkje av. Som svar på ei slik helsing sa ein "takk" eller "du skal ha takk."

8108

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19.
I eit slik høve vil gjesten alltid helse når han kjem inn, dersom det er folk inne.

20.
Ville ein tala med husfaren åleine, vart han vel helst beden om å fylgje med ut. Elles veit ein ikkje av nokon serleg regel i slike høve.

21.
Nå er det vanleg – serleg mellom yngre, men den skikken er ikkje gamal her.

22.
Dei som var inne, svara "Kom" eller "versågod." –

23
Den innkomne stod gjerne ved døra til dei ba han setje seg.

24.
Dersom den innkomne tok huva av, gjorde han det som oftast med same han kom inn.

25.
Ein veit ikkje ~~av~~ nokko serleg ordtak.

26. Nei.

27.
Ein helste med "goddag".

28.
Ein for åt på same måten som når kjenningar kom til gards.

29.
"Velkomen hit" var det vanleg å seie når gjestene kom.

8108

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

30.
Det vanleg var "farvel". og "farvel og takk for meg" eller berre takk for meg. Når dei sa "takk for meg", hadde den framande sjølsagt vore til bords.
Svaret var "farvel." eller når gjesten sa "takk for meg": "Du har ingenting å takke for."
31.
Ordet "farvel" var brukt i alle höve.
32.
Nei!
34.
Gi mumm var brukt om å kysse.
35
Nei!
37.
Dette var ikkje skikk her.
38.
Gi meg ein kyss, ein "kysse", "ein mumm".
39.
Vaksne brukte å gni nasen mot nasen til småborn.
Ein kalla dette å byte nase.
40.
Alle vaksne kunne gjere dette.
41.
Ein sa å stele nasen eller ta nasen når ein gnidde nasen sin mot barnet sin.
42.
Dette vart brukt berre mellom

8108

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

born og vaksne eller mellom små born. Mellom vaksne var dette ikkje brukeleg.

44. Her brukar ein «til lukk' med» eller berre «lukke med».
Ein veit ikkje noko uttrykk som dekkjer desse orda.

45.
Det var ved jul og nyår at ein sa «lukke med». Ved barnedåp kunne og bli sagt «lukk' med nomnet». Ved brudlaup sa dei gratulerer. Men det er vel ikkje serleg gamal skikk heller.

46-47
Ein veit ikkje av noko spesiell helsing ved slike høve.

48.
Noko slikt var ikkje vanleg her.

49.
Ein kunne vel vise vanvyrdnad ved å Ɂsa på munnen, grine o.s.b.

50.
Du seier ein til dei aller fleste. De seier ein til framande, helst slike som ein meiner stå høgt i vang.

51.
Ein seier aldri -han- eller -ho- istaden for du eller De.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING